



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Kviteseid 12. desember 2018

Referat frå styremøte onsdag 12. desember 2018 kl. 1900

Till stades:

Ane S. Holm (2018-2019)
Oddvar Hægeland (2017-2018)
Sigrun Lønning Solvang (2017-2018)
Øystein Kvamme (2018-2019)
Tone Fosse (1. vara 2017-2018)

Kaffe og opning ved Sigrun

Sak 30/18: Orientering om Fredagsklubben

Under denne saka hadde vi besøk av Kamilla Minde som er tilsett på Fredheim som ungdomsarbeidar. Ho orienterte om Fredagsklubben. Det har gjennom hausten vore godt med ungdommar. På dei siste samlinga var det omlag 60. Fredagsklubben er eit lågterskeltilbod. Leiarane i klubben har diskutert om ein skal starte opp eit tilbod som er meir retta inn mot dei som er kristne med ein meir tydeleg kristen undervisingsprofil. Kamilla orienterte vidare om at økonomien er god. Vi får ein del tilskot frå kommunen. Vi snakka litt saman om fellesarbeidet vårt. Styret takka for orienteringa.

Sak 31/18: Godkjenning og gjennomgang av referat frå styremøte 17. oktober 2018

Referatet blei gjennomgått og godkjent.

Sak 32/18: Framlegg til møteplan for sundagstreffa våren 2019

Sundagstreffkomitéen har lagt fram ein plan med følgande datoar: 20/1, 3/2, 3/3, 17/3, 31/3, 14/4, 28/4 og 15/6 (avslutning). I tillegg blir det felles familiemøte 27/1 kl. 1600, fellesmøte 8-10/3, Godhetsveka 6-10/5 med gudstjeneste 12/5 og TenTro konfirmasjon 25/5. Styret foreslo at vi arrangerer bønemøte 6/1 kl. 19. Sigrun tar ansvar for dette. Elles går bønnemøta kvar onsdag med felles bøn for Kviteseid den siste onsdagen i månaden utanom juni. Oddvar lagar møteplakat og legg ut på nettsidene. Vi spør Møyfrid om bibeltime anten 24/3 eller 7/4. Viss ho ikkje kan, spør Sigrun Johan Hammerich.

Sak 33/18: Planlegging av årsmøte

Forslag 10/2 kl. 1700. Sigrun, Oddvar og Tone som står på val. Vi må også ha ein 2. vara. Åsbjørg og Anders er valkomite. Vi må finne ein til å vere revisor, kasserar og vaktmeister. Oddvar kontaktar valkomiteen og spør dei som har roller utafor styret om dei kan ta ein periode til. Oddvar lagar også årsmelding. Sigrun leiar og Ane har innleiing. Øystein ordnar det praktiske (pizza og kake).

Vi set opp saksliste på neste styremøte.

Sak 34/18: Brev fra MKN om retningslinjer for seksuelle krenkingar

Vi las opp brevet. Styret vedtok at vi til neste styremøte har lese retningslinene og at vi då vedtar korleis desse skal bli implementert på Betel. Sigrun orienterer Åsbjørg om at ho må ha politiattest.

Sak 35/18: Saker frå Åsbjørg

*** Teleslynge**

Orientering ved Tone. Ho har kontakt med vaktmeister i kommunen, og vi kjem tilbake til saka.

*** Fredheim som lokale til TenTro-konfirmasjonen**

Vi får låne Fredheim gratis viss vi vil. Plass til 100+. Er teleslynge. Foreldra ønsker å bruke Betel sjølv om det blir trangt.

*** Betaling for konfirmasjonsleiren i sommar**

Kosta 2600 per deltakar. Kyrkjas konfirmantar betalte 3000. Skal vi ha rein foreldrebetaling, sponse noko, søskensmoderasjon? Styret foreslo at vi i utgangspunktet vil ha praksis med foreldrebetaling. Kyrkja sponsrar søskensmoderasjon for søskens nummer to med 50%.

*** Innkjøp av eit trykk av Ruth K. Dalen til trappeoppgonga?**

Styret vil gjerne ha noko i trappeoppgonga. Vi vil gjerne ha noko som har ein bodskap. Sigrun og Ane ser på dette innan neste styremøte. Forslag om at borna og ungdomane lagar nokon (Tone, Åsbjørg). Også forslag om Hege Tveito.

*** Levanda tru seminar til hausten med Linda A. Johansen?**

Samarbeid med dei andre trussamfunna i Kviteseid? Styret er positive til dette. Styret vedtok at Ane tar med denne saka til fellesmøtekomitéen.

Sak 36/18: Eventuelt og info

Dataar for styremøte våren 2019

Forslag: 23/1, 27/2, 10/4 og 22/5

Orientering om juletrefesten:

Det blir tradisjonell joletrefest tredje joledag. Vi må ha folk til å ordne til på førehand og i etterkant.

Medlem til diakoniutvalet

Vi manglar eit medlem til utvalet. Forslag om å spørje Mari.

Orientering om fellesmøta

Ane orienterte om status quo.

Spørsmål frå Olav om å låne lokalet til øving med Soul Children annakvar tysdag kl. 18-1930 våren 2019:

Styret er positive til dette.

Oddvar Hægeland, sekretær